

INTERESSESELSKAPET FJORDVEGEN RUTE 13  
v. HARDANGERRÅDET IKS  
Postboks 78  
5782 KINSARVIK

Dato: 28.03.2017  
Vår ref.: 2017/2433-3  
Saksbehandlar: mardixo  
Dykkar ref.:

## HANDLINGSPROGRAM FOR NÆRINGSUTVIKLING I HORDALAND TILSEGN OM TILSKOT PÅ INNTIL KR 75 000 TIL PROSJEKT KOLLEKTIVPROSJEKT " REIS SOM DEI LOKALE" - TILSEGN-022-2017.

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektplan, datert 06.03.2017, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 75 000 til prosjektet frå budsjettet for Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland. For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt. Tilsegna gjeld til 01.12.2017. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

Prosjektet må vere eit samarbeid mellom Hordaland og Rogaland, og det er ein føresetnad for vår støtte er at Rogaland fylkeskommune også bidrar med støtte til prosjektet.

### 1. Prosjektgrunnlag

Følgjande opplysningar er henta frå søkjar si beskriving av søknaden;

#### Bakgrunn

*Det er i dag svært vanskeleg for besøkande (turistar ) å nytta kollektivtilbodet i distriktet for reiser som inkluderer fleire transportmiddel. Rutetabeller for slike reiser (ofte fylkesgrensekryssande ) er svært kompliserte og ikkje samordna. Det er heller ikkje mogeleg å få kjøpt gjennomgåande billett for slike reiser, og dei er ikkje samordna i reiseplanleggar på nett. På den andre sida ønskjer publikum, både turistar og lokale å reisa kollektivt. Det er derfor viktig at det vert lagt til rette for ( Frå fylkeskommunane) at Skyss og Kolumbus kan få gjera endringar for å nå publikum i framtida. Her må me også ha med det grøne skiftet, som underbygger og understrekar kor viktig dette prosjektet er. Eit prosjekt som tar utgangspunkt i desse utfordringane er gjennomført med suksess i Møre og Romsdal og det er naturleg å få på plass tilsvarende løysing i Hordaland.*

#### Prosjekt mål

*Etablera ei ordning tilsvarende det FRAM i Møre og Romsdal gjennomførte som eit prøveprosjekt i 2016, med desse konkrete måla*

- bindande avtalar med samarbeidspartar som må vera med
- laga enkle og saumlause rutetabellar
- takstaltar med alle involverte selskap
- definera salgskanalar
- definera marknadsføringstrategi

**Aktiviteter**

Laga avtale mellom Skyss og Kolumbus på saumlause reiser i fyrste omgang mellom Rogaland og Hordaland.  
Gå konkret til verks

- finna aktuelle ruter og laga enkel ryter
- salgskanalar: nettbasert sal (voucher)
- laga enkle rutetabellar
- økonomiske avtalar med samarbeidspartane
- informasjon i transportfirmaene

**Tidsplan**

Målet er å kartleggje kva som skal til i Hordaland for å kunne starte eit prosjekt tilsvarande det som er utført i Møre og Romsdal, slik at tiltak for dette kan bli satt i verk. Kartlegginga er tenkt ferdig i juni 2017 med eit ynskje om at eit kollektivtilbod kan være på plass før sesongen 2018.

**Organisering**

Prosjekteigar: Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13  
Organisasjonsnr.: 987550341

Prosjektleder: Jostein Eitrheim  
Epost: jostein@hardangerraadet.no

Prosjektorganisering:  
Hordaland fylkeskommune/Skyss  
Rogaland fylkeskommune/ Kolumbus  
I/S Fjordvegen Rute 13

Samarbeidspartnarar:

- Andre selskap som driv med kollektivtransport i område:
- Destinasjonsselskapa og andre salgskanalar

**Forankring i HNH**

Prosjektet er forankra i HNH som eit tiltak for å styrkje regionalutviklinga i Hardanger både for reiselivsnæringa og for regionen sine øvrige næringsaktørar.

**2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan**

Løyvd beløp: 75 000

Søknadsbeløp: 100 000

**Godkjend kostnadsplan**

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Konsulent for utarbeiding av modul for nettbasert	100 000					100 000
Marknadsføring						0
Møter	25 000					25 000
Prosjektleiing	50 000					50 000
Studietur til Møre og Romsdal, prosjektet FRAM	25 000					25 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>200 000</b>					<b>200 000</b>

**Godkjend finansieringsplan**

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Fjordvegen Rute 13	50 000					50 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland	75 000					75 000
Handlingsprogram næring 2017 Rogaland	75 000					75 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>200 000</b>					<b>200 000</b>

**3. Vilkår for tilskotet****Generelle vilkår:**

- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser, herunder støtte frå Rogaland fylkeskommune. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 37,5 %** av dei godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.
- Informasjon om prosjektet kan verte omtala på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

**Profilering**

- I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.  
Retningsliner for profilering av Hordaland fylkeskommune; [www.hordaland.no/profil](http://www.hordaland.no/profil)

**Delutbetaling**

- Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader (last opp relevante vedlegg).
- Delutbetaling vil verte gjort i høve til godkjend kostnadsprosent på **37,5 % av akkumulerte kostnader**, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 75 000. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.

**Prosjektavslutning og sluttutbetaling**

- Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakaren sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Dette må skje innan -.
- Sluttrapporten og sluttrekneskapen skal handsamast av dei styrande organa i prosjektet og godkjennast av prosjekteigar. Signert *Sluttrekneskap for prosjektet* lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling i [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Dette gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling av tilsegna.

**Kontroll**

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på

at i medhald av §10 i løyvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

### **Klage / innsyn i dokumenta**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller på epost til [regional@hfk.no](mailto:regional@hfk.no) . Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

### **Kontaktperson**

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;  
Marta Rongved Dixon  
Epost: [marta.dixon@hfk.no](mailto:marta.dixon@hfk.no)  
Mobil: 91143674

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør Regional utvikling

Arthur K. Arnesen  
Konst. næringssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vi ber om at de signerer og returnerer følgende standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

### Standardvilkår for Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

**Prosjektnamn:** Kollektivprosjekt " Reis som dei lokale"  
**Tilsegnsnr.:** Tilsegn-022-2017                      **Løyvd beløp:** 75 000  
**Vår ref. (arkiv):** 2017/2433

---

#### Følgjande kontrollerast av tilsegnsnittakar:

**Tilsegnsnittakar:** Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13

**Postadresse:** Kjobergbygget,  
5780 KINSARVIK

**Org.nr.:** 987550341

**Kontaktperson:** Jostein Eitrheim

**Telefon:** 53671450                      **Mobil:** 47669524

**E-post:** jostein@hardangerraadet.no

#### Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Marta Rongved Dixon  
E-post: marta.dixon@hfk.no  
Mobil: 91143674

**Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.**

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: ..... Dato: .....

Signatur prosjekteigar: .....

<b>Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen</b> <b>Eller på epost til sakshandsamar: marta.dixon@hfk.no</b>
--

